

DET NORSKE TEATRET





Restaurant


FRASCATI

*med det Franske Rôtisserie
Le Rendez-Vous de Gourmets*

*Vis-à-vis
Nationaltheatret*

C 159 148961

En forfriskende pause



DRIKK

Coca-Cola

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tapperi :

Jarlsberg Mineralvann A/S

DET ER DUBONNET-TID



- alltid like anvendelig.
- en fullt ferdig cocktail

DUBONNET

Frankrikes verdensberømte druevin —
MEN SERVER DEN AVKJØLET

DUBONNET

**for DEM som
foretrekker
furumøbler ...**

PeiseStua

J. ERIKSEN A/S FILIAL

Bernt Ankers gate 17 (hj. Møllergt.) — Tlf. 41 64 22

GODE PARKERINGSFORHOLD



(Du Vent dans les Branches de Sassafras)

Kammer-western i 2 akter


av René de Obaldia

Musikk av Georges Delerue

Til norsk ved Halldis Moren Vesaas

SESONGEN 1966/67

Billetter får De òg kjøpt i Narvesens Kiosker



René de Obaldia.

OM RENÉ DE OBALDIA

skriv kritikaren Jaques Lemarchand noko slikt som:

Dette nye stykket, «Sus i Sassafrasen», vil utan tvil skaffe René de Obaldia mange nye venner. Eit talrikt publikum vil oppdage han og bli ført inn i hans verk gjennom denne sjarmerande og fantastiske porten som opnar inn til så mykje moro. Dei som alt kjenner romanforfattaren og dramatikaren René de Obaldia, vil glede seg over den inspirerte leiken han her gir seg over til, så full av glad ungdom og frisk, oppfinnsam humor.

Det friske og glade ved dette stykket vil eg gjerne understreke, ettersom det denne forfatteren hittil har skapt, ikkje har førebudd oss på nett *det*. Dei fleste stykka hans kallar nok på låtten — den gode og opne låtten som ein vellykka satire vekkjer. Likevel har dei hatt eit visst innslag av noko bittert, som ettertanken oppdagar, og som ein fort forstår er eit grunn- drag hos denne særmerkte humoristen. Det er ein ny slags humor vi møter hos Obaldia, og




Walter Jacobsen a/s
MODELLKONFEKSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 331368
Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.

**banken
husker
for
Dem...**

snakk med



BERGENS PRIVATBANK

ingen ting kan forvirre publikum — og kritikarane med, det seier seg sjølv — slik som ein humor som verken vane eller tradisjon har gitt heimstadrett.

Det er nemleg det med Obaldias humor at han ikkje er frekk. I så fall ville vi hatt lettare for å akseptere han. Hans humor er respektlaus, og det er tydelegvis mykje farlegare. Og når så respektløysa attpåtil parar seg med ein ærleg og uaffektert naivitet — den slags naivitet som særmerker dei reine av hjartet — er det lett å bli misforstått, og misforstått er da òg Obaldias verk blitt. I så måte har eg sjølv somt å angre på, og som kvar og ein veit er ingen ting så søtt for ein teaterkritikar som det å vedgå at han har grunn til å angre.

Dette nye stykket vil ikkje komme til å skape noka mistyding mellom forfattar og publikum. Den barnslege naiviteten som ikkje var så lett å få auge på i dei meir «tvetydige» skodespela, møter oss her heilt utslørt, først og fremst i den gamle nybyggjaren Rockefeller, ein figur som er henta rett ut av dei gamle forteljningane frå Det ville Vesten som nærte draumane våre da vi var barn. I sin «kammer-western» har René de Obaldia gjenskapt, på ein like humoristisk som poetisk måte, alt det som særmerkte desse uverkelege og bloddrypande historiene. Heltane i stykket er som dei var teikna i marginen på dei gjæve gamle indianarbøkene våre. Dei møter oss nett slik som vi ønskte at dei var, og gjensynet med dei blir både kjært og rørande.

Omsett av Halldis Moren Vesaas.



Regi:
Kirsten Sørli.

Regiass. og kostyme:
Per Lekang.



GJESTER I „SASSAFRASEN”

Vi ønskjer våre to gjester *Leif Juster* og *Per Asplin* hjarteleg velkomne på Det Norske. Juster er her for første gong, og det er vel første gong denne fine gjøglaren og scenekunstnaren spelar på ein vanleg talescene. Asplin har vore her før, som Tony i «West Side Story».

VED REGIPULTEN

Med «Sus i sassafrasen» har *Kirsten Sørлие* si første regioppgåve på Det Norske Teatret. Kirsten Sørлие har laga spennande ting for andre norske teater, men har elles arbeidd mest på Lilla Teatern i Helsingfors, og det har gått store ord om det ho der har gjort. På Det Norske Teatret har ho med seg *Per Lekang* som regiassistent og kostymeteiknar. Vi ønskjer dei begge velkomne i vårt hus, Lekang har arbeidd her før, med kostyma i «West Side Story» og «The King and I».

SYN OG SEGN

**Det største allmenne
tidsskriftet i landet**

STADIG I FRAMGANG
OPPLAG I DAG:
16 000

10 hefte i året à 64 sider. Års-
pengar kr. 30,00, for studentar
og skoleelevar kr. 22,00 ved
tinging direkte til forlaget.
10-årstinging kr. 250,00. Tids-
skriftet kan tingast for kalender-
året eller skoleåret. Postgiro
8702, bankgiro 1710.06.00757.
Laussal kr. 3,50.

**Det Norske
Samlaget**

Rosenkrantz' gate 3, Oslo 1.
Tlf. 33 26 70.

LYTT TIL

Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på for-
skjellige instrumenter, — samt folketoner i levende tradisjon
framført av kjente bygdesangere.



Utgitt på



grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting.

Til salgs hos musikkhandlerne.





Diamantringer er vår spesialitet

Enstensringer fra kr. 200,—.

Trestensringer fra kr. 500,—.

Rosettinger og modellringer
fra eget verksted.

Løse diamanter på lager til
bestillings-, forandrings- og
reparasjonsarbeide.

Vi fører toppkvalitetene *Blue
white pure* og *finest white
pure*.

*Skriftlig garanti for
størrelse, farge og renhet
medfølger hver ring.*

Hvis De skal kjøpe diamanter,
benytt Dem av vår 50
års erfaring som spesialister.

Stort utvalg, rimelige priser.

JUVELER — GULLSMED

H. A. NEERBYE

Youngstorget 1, tlf. 33 32 35



*Skiftende kunstutstillinger,
afrikansk skulptur,
smykker og antikviteter*

LILLE GALLERI

Bygdøy allé 35. Tlf. 44 84 30

Åpent: Tirsd.—fred. 12—19
Lørd. 12—16. Sønd./mand. stengt




Utrolig lav pris
kun kr. 4 300,—

*Be om brosjyre eller få den
demonstrert hos Dem eller oss*

JOHN RUI's
BILFORRETNING

Oslogt. 6 - Tlf. 67 74 26, 68 60 55
Trondheimsvn. 156



OM SASSAFRAS-TREET

fortel leksika at det høyrer til laurbærtre-familien, og finst berre i Canada og USA. 10—20, iblant opptil 30 m høgt. Veden er gulfarga og svært lett, og blir nytta særleg i finare snikkararbeid og til konstruksjon av lette båtar. Av røtene kan ein destillere ut ein essens som blir brukt i parfymeindustrien. Unge skot friskt grøne, hårkledde; blada eggforma og heile, eller tredelte nesten inn til midten, med butte kantar. Blomane gule. Knoppar og skot glatte og sjøgrøne. Blada, tørka og knuste, blir brukt som smakstilsetjing i mat, og ein kan òg koke ein sveittedrivande te på dei. I romanane av Fennimore Cooper finst det mengder av sassafras-tre.



John Davison Rockefeller (1839—1937),

industrimagnat, grunnleggjaren av Standard Oil-selskapet og av den første store amerikanske oljemidelen. Fødd i Richford, New York, son til ein småhandlar. Sommaren 1853 vart den første amerikanske oljekjelda bora opp i Titusville, Pennsylvania, og i 1863 skipa Rockefeller firmaet Andrews, Clark & Co. for å drive oljeraffineri ved sida av dei andre forretningane. I 1870 vart dette firmaet avløyst av eit aksjeselskap, Standard Oil Co. i Ohio, – startkapital 1 million dollar – med John D. Rockefeller som direktør. Med han som leiar la selskapet under seg oljeindustrien ved å overta andre firma og med hjelp av gunstige jarnbanetakstar, underprisar og andre tiltak som ikkje var ulovlege på den tida. I 1911 slutta John D. Rockefeller som aktiv forretningsmann og brukte tida til å gi bort ein stor del av midelen sin, som først på 1900-talet var 900 millionar dollar, men minka etter kvart ved donasjonar og overføringar. Dødsbuet vart til slutt på 25 millionar dollar.

Det blir rekna med at Rockefellers pengegaver kom opp i over 530 millionar dollar. Rockefeller Foundation og Rockefeller Institute for Medical Research hadde i 1950 fått 825 millionar dollar, Universitet i Chicago 35 millionar og Baptistkyrkja 30 millionar dollar.

John D. Rockefeller jr. (1874—1960)

dreiv òg med filantropisk og sosial innsats. I tida 1917—1955 gav han tilskot på i alt omkring 400 millionar dollar til Rockefeller Institute for Medical Research. Han restaurerte Reimskatedralen og skipa Rockefeller Center.

Søner: John Davison, f. 1906, Nelson Aldric, f. 1908, Laurance S., f. 1910, Winthrop, f. 1912 og David, f. 1915.



(Du Vent dans les Branches de Sassafras)

Kammer-western i 2 akter
av René de Obaldia.

Musikk av Georges Delerue

Til norsk ved Halldis Moren Vesaas

Regi: KIRSTEN SØRLIE

Dekor: SNORRE TINDBERG

Regiass. og kostyme: PER LEKANG

Musikalsk innstudering: TOR HULTIN

Inspisient: TOR KALLEBERG



John-Emery Rockefeller,
nybyggjar ØYVIND ØYEN

Caroline,
kona hans SØLVI WANG

Pamela,
dotter SIDSEL RYEN

Tom,
son og bror PER JANSEN

William Buttler,
medisinmann
ESPEN SKJØNBERG

Carlos,
PER ASPLIN

Miriam,
kalla «Fulltreff»
ANITA RUMMELHOFF

Jerpeauge,
apasje-hovding

Falkauge,
comanche-hovding
LEIF JUSTER


OSLO FYLKESLAG

i Noregs Ungdomslag

Heim for landsungdom

Lagskontor. Ynskjer du opplysningar om bygdelaga i Oslo, ring Sosialkontor for landsungdom telefon 20 38 20 og 20 38 03. Kaffistova og heimebuarane telefon 20 07 04.

REDNINGSSKØYTENE



har i 1966 reddet 72 mennesker fra den visse død og vært til hjelp for 5362 mennesker som har vært i farefulle situasjoner på havet.

STØTT REDNINGS- ARBEIDET

Send ditt

bidrag

til

NORSK SELSKAB TIL SKIBBRUDNES REDNING

Wesselsgt. 8. Oslo - Postgiro 500 026 Bankgiro 201 632-8/51

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får De fra meg

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 20 20 49

SNORRE TINDBERG
med modellen til
«Sassafrasen»





Om problemet med å putte

EIN WESTERN INN PÅ EI FLASKE

fortel René de Obaldia:

Treng eg presentere personane i dette stykket for dykk? Eg trur at de kjenner dei frå før, likså godt som de kjenner Harlekin og Colombine og dei andre faste figurane frå Commedia dell'arte. Dei de møter her, Sheriffen, Patriarken, den Sterke og Milde Kvinna, den Forbrukne Legen, den Eventyrlystne Ungguten, den Djerne Naturens Dotter, den Varmhjarta Hora, Jerpe- og Falkauge, hører likesåvel med til vårt åndelege repertoare, vår vesle mytologiske handbegasje. Eg har ikkje gjort anna enn å be dei stige ned frå filmlerretet, ta dei rundt akslene og puffe dei fram på scenen, i kjøt og blod.

Men da med ein gong merkar forfattaren at han er kommen i ei uventa katterpine. Kva er det han har gitt seg ut på? Desse folka vil følge sin eigen natur og spele dei rollene dei alltid har spela. Dei legg i veg med lange steg, slik dei har for vane å gjere, og orda kneggjar i munnen på dei. Dei ville Pampas-ritt, dei brennande ransjane, lyn-overfallet, den nådelause krigen mellom mormonar og mohikanarar, hestane med ryttrarar på ryggen i kamp for livet i Rio Grandes skummande straumkvervlar — korleis skal alt dette få utfalde seg innandørs? Eg hører alt korleis Pamela eksploderer i ein straum av forbanningar, Carlos leikar med



LIVSTRYKDELAGET

ANDVAKE

MØLLERGT. 16. - OSLO 1

Ingen heim utan hage

Målet for Det Norske Hageselskap er hage ved alle heimar som har jord til det, og ingen heim utan grønsaker, bær, frukt og blomar på kvardagsbordet. Bli medlem i selskapet! Det kostar 20 kroner for året i medlemspengar. Alle medlemmer får tilsendt tidskriftet «Norsk Hagetidend» og småskriftet «Minne-
liste for hagedyrkere».

DET NORSKE HAGESELSKAP

MOTZFELDTSGT. 1, OSLO — TELEFON 67 33 86
POSTGIRO 11070

Spesialforretning i TV - radio

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 24 måneder

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S

Youngs gate 11, inng. Torggt., Oslo - Telefon 42 07 37

Filial: Lambertseter forretningsenter — Tlf. 28 03 12



revolveren sin og einstirer på meg, John-Emery plasserer ei forakteleg sputtklyse beint framfor føtene mine. Eg prøver å forklare dei at i kveld skal dei bli personar i eit stykke på ein scene. Eg seier til dei at det kunne ikkje falle meg inn å bremse på pasjonane deira, eg må berre — korleis skal eg få sagt det? — prøve å avgrense desse same pasjonane, konsentrere dei, og dermed intensivere dei. Hjelp meg! ingen av dei — så nær som legen, og han er søkka full — forstår ord som konsentrere og intensivere. Så det er neimen ikkje lett!

Det er òg om å gjere å dra klare grenser mellom den og den genren, og sjølv sagt vil eg nødig kalle publikums forakt ned over meg. Derfor har eg, som de snart vil sjå, halde meg til reglane for det klassiske teater: ein ståande dekorasjon, einskap i stad, tid og handling. Altså ein kraftig konsentrasjon. Kan vi med ein slik metode nå det sublime? Greier vi å putte ein heil western inn på ei flaske? — Det våger ikkje eg å dømme om. Men ein ting veit eg: eit slikt vågestykke kjem eg aldri vel ifrå utan hjelp frå dykk som sit i teatersalen. Det står på dykk om vi skal kjenne heile Pampas bruse utanfor veggene og skimte dei ville hordene av raudhudar tilskrevs over frøsande gangarar, ferdig til å gå til åtak, ute i kulissane. Det står på dykk om vi skal få høre vinden bruse gjennom greinene på sassafras-treet!

Det står på dykk, på oss, om vi skal lykkast med å finne tilbake til dei mest elementære kjenslene, til det som Goethe kallar «ei fager sjel.»

S. BRUUN A/S

Nils Juelsgt. 27

Telefon 440384

*Lamper — Skjermer
Elektriske apparater m. m.*

HENRIK BØHM'S

Paraply- og regntøyforretning

Torggt. 23. Tlf. 42 16 87

(vis à vis Ferdinand Larsen A/S)

Gamle og nye kunder ønskes velkommen

JOHN HAUGSTAD

DAMESKREDDER

KÅPER - DRAKTER - KJOLER

Nedre Slottsgt. 17

Tlf. 42 43 29 — Priv. 26 21 50

Har Deres ur stoppet?

Vi reparerer billig, fagmessig, på kort tid.

Nye ur i godt utvalg.


URMAKER S. ERIKSEN & CO. A-S

DRONNINGENSGATE 23 — TELEFON 41 52 17

Og måtte ikkje den endeframme måten sassafrasfolka uttrykker og oppfører seg på hindre dykk frå å sjå den makelause friskeleik og uskyld dei har, desse menneska som nøyer seg med å vere det dei er og som no, nærast ved eit ulykkestilfelle, er blitt kasta inn på ein scene.

Snart går teppet opp og vi skal vere i huset hos Rockefeller, fattige nybyggjarar i Kentucky. Pass på! Ta sidemannen din i handa og haldt deg godt fast: det er ikkje lenge før gevær-salvene brakar laus.

Omsett av Halldis Moren Vesaas.



Nationaltheatret

«GEOGRAFI OG KJÆRLIGHET»

av Bjørnstjerne Bjørnson
Dekorasjoner: Per Schwab
Regi: Jørn Ording

«SEKS PERSONER SØKER EN FORFATTER»

oversatt av
Carl Fredrik Engelstad
Dekorasjoner og kostymer:
Mago
Regi: Ingmar Bergman

«ANATOL»

av Arthur Schnitzler
oversatt av
Carl Fredrik Engelstad
Dekorasjoner og kostymer:
Mago
Regi: Vivica Bandler

Den Norske Opera

«CAN-CAN»

av Abe Burrows
Sangtekster og musikk av
Cole Porter
Regi og danser:
Aloysius Valente
Dekor og kostymer:
Per Schwab

Première 3. april
(til og med 17. mai)

«BARBEREN I SEVILLA»

av Gioacchino Rossini
Regi: Einar Beyron
Dirigent: Arvid Fladmoe
Dekor og kostymer:
Arne Walentin
(Lukkede forestillinger)

Oslo Nye Teater

«DE KALTE MEG GEORGE»

Komedie av Frank Marcus
Regi: Johan Fillinger


«SOMMER I TYROL»

Operette av Ralph Benatzky
Regi: Alfred Solaas

Barneteatret i Folketeaterbygningen

«SKATTEN PÅ SJØRØVERØYA»

Etter Robert L. Stevensons
fortelling
Regi: Jon Lennart Mjøen





Stedet med intim stemning
og særpreg.

Pløensgt. 4 — Tlf. 33 73 05.

Vinleggere

1. kl. druesaftkonsentrat for vinlegging gir rødvin til ca. kr. 1,50 pr. fl. og madeira, tokayer, portvin, sherry og vermouth til ca. kr. 2,00 pr. fl. Be om brosjyre.

Dr. O. N. HEIDENREICH

Kjem. lab. — Grønland 2 Oslo 1 - Tlf. 68 10 55

ER DE INTERESSERT i engelske antikviteter?

HOS MEG finner De koselige og rimelige presanger
i engelsk porselen - plett - kobber - messing m. m.

ANTIKKHULEN

DAAESGT. 12 (inng. Prof. Dahlsgt.) - TLF. 44 29 23, kl. 11—15

THAU

Karvi - et godt navn i 52 land

Personalet på stipendtur.

JENTA I LYSET

Dei som arbeider i lyset, står offisielt i mørkret. Dei tekniske teaterarbeidarane har ikkje hatt skikkeleg status som kunstnarar, heller ikkje som handverkarar eller fagarbeidarar i kongeriket Noregs profane hierarki. Difor var det ein heil liten sensasjon då *Kari Borg*, jenta som spelar på einmillion-kronerslysverket i dette teatret, vart tilesla eit stipend frå Statens låne-kasse, til studiereise til Aust-Tyskland. – Det var gildt om det kunne tolkast som ei nyvurdering av det tekniske personalet, seier Kari, – så fleire kunne få hjelp til å reise ut og hauste ny røynsle og inspirasjon.

Sjølve opphaldet og reisene kring i DDR betalte elles Ministerium für Kultur. Og Kari reiste og reiste, såg og såg; både hos Berliner Ensemble, der ho studerte den brechtske lys- og sceneteknikken og organisasjonsforma, i Leipzig, i Dresden og tilbake til Berlin. I lysteknikk var det ikkje noko epokegjerande nytt å sjå rett nok, dei var, forklårar Kari lettfatteleg, ikkje komne så langt i transduktor- og stillverk-utvikling. Alle stillverka deira var halvmekaniske, legg Kari gudskjelov forklårande til, i motsetnad til vårt, som er elektronisk. I Dresden fann ho rettnok eit elektronisk lys-orgel, men det vart mata med «Lochstreifen» eller hølband, og ikkje med hølkort. Kva no skilnaden måtte ligge i —? Jo: her kjem mennesket attom køyringa til sin rett. Der gjekk overblendingane berre for motor, medan derimot «vi», i dei tilfelle då lysskiftingane ikkje er fastsette på viss tid, køyrer med potensiometer-overkøyring.

– Javel, nei. Elles forvitnelege opplevingar av dette slaget som andre kan få del i?



BØNDERNES BANK A/S

EGERTORGET - OSLO

**hjelper Dem gjerne med alle bankforretninger
i Norge og i utlandet**



Kos Dem med et hyggelig håndarbeide

Pynt opp med vakre broderier. De bringer
naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle.

Begynn med brodering, en kongelig hobby

RANDI MANGEN & CO.

SPESIALFORRETNING I BRODERIER

Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

Skal De ha slipt gulvene? Henvend Dem til

B. Bogens Parkettsliperi

Chr. Michelsensgt. 21 - Telefon 37 60 26

Førsteklasses arbeide garanteres

Godt utvalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A.s

Valkyriegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

– Dr. Walter Felsenstein, vide kjend for lysbruket sitt. Komische Oper-bygningen var for liten. Dei reiv alt unnateke salongen, og bygde omkring den eit teater som vel kan reknast for idealt. Felsenstein hadde paradoksalt nok installert eit fullmekanisert stillverk – tok ikkje sjansen på nokon transduktorsvikt under framsyninga.

– Å nei.

– Her fann eg forresten for første gong eit menneske som lydte titulaturen *Stillwerkmeister*. Det er ein føremon å ha eit menneske som berre stiller med stillverket. Då lærer ein mediet best å kjenne og har ingen vanskar med å ta det som instruktør, teatermålar og lysmeister vil fram til av skiftande stemningar. Eg merka det særleg då eg sat og såg ein av dei store Felsensteinframsyningane, «Hoffmanns eventyr». Her fekk ein elles sjå døme på dette nye som han særskilt arbeider med: personbelysinga. 16 følgjekastarar var i bruk.

– Å. Anna nytt frå den austlege lysfronten?

– Ja. Forvitneleg var det å studere dei ymse sentralverkstadene. I Leipzig og Berlin har 5 og 5 teater slått seg saman om slikt som snikkarverkstad, smie, plastavdeling osv. Plast var forresten mykje i bruk. Elles noterte ein seg at ikkje eitt nytt teater vart bygd med mindre *Institut für Technologie Kulturelle Einrichtungen*, den øvste instans for teatertekniske spørsmål, hadde godkjent teikningar og framlegg. På den måten hadde dei ein ikkje ring garanti for at ikkje noko vart gløymt – dei gjekk m. a. o. glipp av slike opplevingar som vi har fått ein del av, som t. d. at dei som planla Dramaten i Stockholm gav blaffen i billett-luka eller at dei gløymde lyslosjen i Folketeatret – og elles andre slike bagatellar.

– Teatralt utbytte elles?

– Det er mest for tidleg å seia. Når ein har sett 25 framsyningar på 30 dagar, bør ein vel helst ha sommarferien til å koma seg på. Det var elles ikkje einast den allmenne teaterinteressa som verka noko uvanleg for ein nordmann. Då teppet gjekk opp for applaus etter «Hoffmanns eventyr», kven andre enn ein samla teknikarstab stod då og tok imot førstegrøda av applausen? Ingen. Etterpå kom turen til solistane.

Seier Kari lysjente og skrid ned att til sitt høgheilage heilelektroniske stillverk-tempel med transduktor og det heile.

PÅ SPELPLANEN

Ved sida av «Sus i sassafrasen» spelar Det Norske Teatret no «HAMLET» og «KARAMELLAPPARATET».

«ET DUKKEHJEM» er på stor utanlands-turné: Sverige, Finland, Ungarn, Tsjekkoslovakia og Polen i mai, Russland og Tyskland i juni.

No under førebuing: «GITRENE» av Finn Carling (regi: Barthold Halle), «FØDSELS-DAGSSELSKAPET» av Harold Pinter (regi: Finn Kvalem).



Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf

Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser

GRILLSTOVA

Særs god mat til rimelege prisar. Internasjonalt kjøken og norske spesialitetar. Alkoholfrie vinar. Servering ved borda. Koseleg, intim stove.

Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda, 100 m opp frå Karl Johan.

Ope kl. 9—23. Sondag kl. 12—18.45.

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO



kaffistovene

har sjølvtening og mykje god mat

Rosenkrantzgt. 8 — Karl Johansgt. 13

Kr. Augustsgt. 14 — Storgt. 28

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn

12 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 120000 medlemmer

